
Fra: Karlsen, Marte Ruvang <fmhomak@fylkesmannen.no>
Sendt: 16. desember 2016 10:09
Til: Postmottak Meland; Postmottak Lindås; Postmottak Modalen
Kopi: Margunn Grasdal
Emne: Oppklaring i høve val av medlemar til felles forliksråd for Lindås, Meland og Modalen

Hei,

Vi viser til tidlegare korrespondanse i høve val av medlemar til felles forliksråd for Lindås, Meland og Modalen.

Vi vil i det følgjande forsøke å klare opp i kva som er feil.

Kommunestyra i Lindås, Meland og Modalen har gjort vedtak om at det vert valt eit sams forliksråd for dei tre kommunane. I vedtak frå Lindås kommune står det følgjande under bakgrunn for saka:

«Lindås skal velje ei kvinne og ein mann som medlemmer, Meland skal ha ein medlem og Modalen 1 varamedlem. Lindås har leiaren i forliksrådet».

Vedtaka frå Lindås og Meland er ikkje i samsvar med denne føresetnaden. For det fyrste er begge medlemane frå Lindås kvinner. Kjønnfordelinga etter dl. § 27 er oppfylt ettersom medlemen frå Meland er ein mann, men vedtaket er altså ikkje i samsvar med det fellesvedtaket som vart gjort i høve samanslåinga. Vidare har Meland valt både ein medlem og ein varamedlem, medan dei i høve fellesvedtaket berre skulle ha valt ein medlem. Vedtaket frå Modalen er riktig då dei har valt ein varamedlem i samsvar med fellesvedtaket.

Det manglar to varamedlem i fellesvedtaket. Det er likevel valt totalt fire varamedlemar frå dei tre kommunane. Vi har fått følgjande rekkefølge frå Nordhordland lensmannsdistrikt:

1. Marit Kristin Ness (Modalen)
2. Siri Førde Flatøy (Meland)
3. Geir Follese (Lindås)

Nordhordland lensmannsdistrikt har informert om at Ruth Weløy Myksvoll, som var valt frå Lindås, ikkje skal vere med, og at årsaka til at Lindås har valt to varamedlemar er at Modalen ikkje hadde valt nokon førre periode. Vi ber om at dette vert stadfesta av Lindås kommune. Vi ber samtidig om at alle tre kommunane godkjenner rekkjefølgja på varamedlemane.

Når det gjeld dei tre ordinære medlemane, fekk vi følgjande melding frå Nordhordland lensmannsdistrikt i e-post datert 13.12.16:

«Forliksrådet i Lindås. Meland og Modalen er fra 01.01.2017 satt sammen som følger:

Leder: Ørjan Evald Kristiansen, valgt fra Meland kommune, f. 24.09.80, ansatt i Forsvaret

Medlem: Nina Stabel Øvreås, valgt fra Lindås kommune, f. 30.02.60, ansatt i Lindås kommune

Medlem: Laila Bjørge, valgt fra Lindås kommune, f. 02.03.67, ansatt i Meland kommune,»

Denne rekkjefølgja er ikkje i samsvar med Lindås kommunestyre sitt vedtak om at Lindås kommune skal ha leiaren i forlikrådet. Fylkesmannen kan oppnemne Nina Stabell Øvreås som leiar, dette vil vere i samsvar med både fellesvedtaket og vedtaket frå Lindås kommunestyre. Lista kan i så fall verte slik:

Medlemar:

1. Nina Stabell Øvreås (leiar, Lindås)
2. Ørjan Evald Kristiansen (Meland)
3. Laila Bjørge (Lindås)

Varamedlemar:

1. Marit Kristin Nygard Nese (Modalen)
2. Siri Førde Flatøy (Meland)
3. Geir Follse (Lindås)

Vi må likevel be om ein oppklaring i høve dei nemnte problemstillingane før vi kan oppnemne eit nytt forlikråd.

Fylkesmannen er blitt informert om at Forlikrådet skal ha møte allereie 03.01.2016, vi ber difor om ei rask tilbakemelding frå kommunane. Slik det er no er Forlikrådet ikkje avgjerdsdyktig.

Med venleg helsing

Marte Ruvang Karlsen
Rådgjevar

Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Kommune- og justisseksjonen
Fylkesmannen i Hordaland
Tlf: 55572000/55572116